

Rikt Næringsliv!

SAMAN FOR FOLK I FINNØY

Finnøy Næringsforening ønskjer eit godt og konstruktivt samarbeid med Finnøy kommune. Me ønskjer og kunne jobbe saman om utvikling av kommunen vår. «Saman for folk i Finnøy» er ein god visjon. Vi har nå utarbeida ein " tipunkts" for kva vi ser som viktig for eit slikt samarbeid. Vi håpar og kunne drøfte ein slik " tipunkts" med leiinga og tilsette i kommunen, kor begge partar kan kome fram til eit godt og konstruktivt grunnlag for samarbeid. Vi presenterer nå ein start og eit grunnlag vi kan samtale vidare om. Her ser vi på samarbeidet frå vårt utgangspunkt:

1. Næringslivet er viktig for Finnøy kommune. Saman skal vi arbeide for at det vert skapt arbeidsplassar og såleis inntekter til viktige tenestetilbod i Finnøy.
2. Grundarar og førstegongsetablerarar har gode rammevilkår i Finnøy. Dei får hjelp og rettleiing. Det er positivt at kommunen støttar opp om etablerartenesta i Ryfylke Næringshage.
3. Einskilte bedrifter er i kontakt med kommunen av ulike årsaker. Det første møtet med kommunen vert opplevd som positivt, og med grunnhaldninga " kva kan vi hjelpe med"?
4. I avtala møte mellom næringsdrivande og kommunen, skal begge partar møte godt førebudd og forlate møtet med avklarte oppgåver og ansvarsdeling.
5. Næringslivet er i raske endringar og oppgåver må i mange tilfelle løysast rask og effektivt. Lover og reglar skal følgjast, men oppgåvene må løysast så raskt det er mogleg innanfor gitte tidsfrister. Kor lang ein sak vil ta, skal kommuniserast.
6. Ein skal ha respekt for kvarandres arbeidskvardag. Difor er kommunikasjon mellom partane viktig." Me skal jobbe saman for å løyse oppgåver", må vere grunnhaldninga.
7. Servicetorget kan løyse enkle oppgåver, hjelpe og rettleie med til døme utfylling av skjema som kan vere vanskeleg å forstå.
8. Oppgåver som ikkje kan løysast av kommunetilsette, kan gjerne løysast av anna kompetanseorgan utanfor kommunehuset. Det er viktig at tilsette i kommunen er tydelege på kva dei kan og ikkje kan.
9. Kommunen som serviceorgan ytar god service, som gir godt omdøme. Alle som får hjelp og rettleiing av kommunen mottek eit skjema kor ein kan svare på korleis ein erfarte den service ein fekk, jamfør Strand kommune.
10. Finnøy Næringsforening v. utvalte repr. og Finnøy kommune har regelmessige dialogmøte for evaluering og kommunikasjon.